



Alsaker Fjordbruk AS
Salar Bruk AS
5694 ONARHEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1579 - 14/11416

Saksbehandlar:
Marius Flemmen Knudsen

Dato:
31.03.2014

Godkjenning- Motorferdsel i Rylandsvassdraget 2014

Administrativt vedtak. Saknr: 206/2014

Saksutgreiing:

Vi syner til søknad motteke 31.03.2014. Saka er behandla etter delegert mynde frå kommunestyret.

Settefiskanlegget Salar Bruk AS søker om generell dispensasjon frå lokal forskrift om bruk av motorfartøy i Rylandsvassdraget. Det vert sökt om løyve fram til 31.12.14.

Salar Bruk oppgjeve at dei har installasjonar (leidningar, demningar/overlaup, målestavar m.m.) i vassdraget, og for at desse til ei kvar tid skal vera operative, er ein heilt avhengig av m.a. ulike kontrollfunksjonar. For å utføra denne delen av drifta, er det viktig å kunne nytta båt med motor, for på ein rasjonell måte kunne utføra turvande gjeremål/service m.m.

Det kan også oppstå akutte situasjonar, brekkasjar på installasjonar som er knytt til drifta av anlegget, samt andre nødvendige tiltak med drifta av anlegget som må gjennomførast. For å avbøta og utbetra slike situasjonar, kan det ofte vera trøng for raske aksjonar for å nå fram til aktuelle stad/tiltak. Bruk av båt med motor til transport av personell, utstyr m.m. for å avgrensa mogelege skader eller utføra planlegde tiltak, vil vera heilt avgjerande.

Søkjar skriv vidare i søknaden at dei vil tru at ovannemnde tiltak i ei eller anna form, vil vera så pass avgjerande for både den tekniske drifta av anlegget og trygging av viktige arbeidsplassar i kommunen, at det kan gjevest turvande dispensasjon frå forskrifta slik det m.a. vert skissert i §5 (jamfør *særlege grunnar i § 6 i den sentrale lova*). I samarbeid med kommunen vil det vera praktisk at eit eventuelt løyve til bruk av motorfartøy kan gjelda for eit lengre tidsrom.

Settefiskanlegget fekk i 2012, sak 114/12, generell dispensasjon til å nytta motorfartøy i Rylandsvassdraget for året 2012. Løyvet vart m.a. gjeve på vilkår av at det skulle førast logg

over tal turar og timer som motorfartøy vart brukt, samt at dette skulle rapporterast til kommunen.

I den aktuelle tida i 2012 nytta verksemda open båt med elektrisk motor totalt 2 gonger på Rylandsvatnet. Og dei er utført i samband med kontroll av inntaksleidningsarrangementet.

Vurdering:

I § 5 i den lokale forskriften finn ein m.a.:

I medhald av § 6 i Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag kan kommunen gjeva løyve til bruk av motorfartøy etter søknad. Løyvet kan gjevast til eit høve eller tidsrom. Meland kommune kan setja vilkår for løyvet.

Administrasjonen meiner at løyvet med vilkår som vart gjeve i 2012 har fungert godt og det kan difor vidareførast i 2014 som omsøkt.

Vedtak

Meland kommune gjev Salar Bruk AS generell dispensasjon til å nytte motorfartøy i Rylandsvassdraget. Løyvet gjeld frå 01.04.12 til 31.12.12.

Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Det skal ikkje nyttast større motor enn 10 HK og farten på fartøyet må ikkje overstige 5 knop. (1,852 km/t). jf § 4 i: Forskrift for bruk av motorfartøy i Rylandsvassdraget.
2. Salar Bruk AS skal føre logg over tal turar og timer som motorfartøy vert brukt i løvingsperioden.

Når perioden er slutt skal kopi av loggen sendast Meland kommune
Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28, jf vedlagte skjema.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Alsaker Fjordbruk AS

Salar Bruk AS

5694

ONARHEIM